

REFERAT FRÅ MØTE I FAU VED MARVIK SKULE

Tid: Onsdag 6.juni 2018 på Marvik skule

Kl.: 18.00

Til stades: 1.kl: Liv Jorunn Øvrebø
 2.kl: Astri B. Øvrebø
 3.kl: Morten Bakken
 4.kl: Jorunn Kalvik
 5.kl: Sverre Østebø
 6.kl: Nina Østebø
 7.kl: forfall

Rektor: Ingrid Schibevaag

Sak 17/17-18: Godkjenning av sakliste og referat frå førre møte

Sakliste og referat vart godkjent

Sak 18/17-18: Orientering frå rektor

- Læringsmiljø og mobbing (*fast sak på kvart møte*)
- Ressursar og lærersituasjon neste skuleår

- Læringsmiljøet er bra i alle klassane. Nokre tilfeller av uønska språkbruk, som vert teke tak i av lærar og rektor når det skjer.
- Rektor er tilbake frå permisjon 1.8. Ledig vikariat (90%), som er lyst ut 2 gonger, ingen søkjarar pr.d.d.
- Rektor informerte om at dei vurderer å slå saman 1.-4.klasse og 5.-7.klasse neste skuleår.

Dette syns fau er ei svært dårleg løysing. Det er stor skilnad på ein 1.klassing og ein 4.klassing. Alderspennet kan vera frå 5 -10 år. I tillegg vert det ei stor fagleg utfordring for læraren som skal undervise 4 årskull. Fau stiller spørsmålsteikn ved om dette er ei fagleg god løysing og ein god rekrutteringsstrategi?

Vedtak: Fau sender brev til rådmann og kommunalsjef der ein uttrykker bekymring for ei slik løysing.

Sak 19/17-18: 5-dagars skuleveke

Leiar foreslår at rektor førebud ei sak som vert handsama i det første fau-møtet til hausten. I sak skal det kome fram korleis **timeplanen** for alle elevane vil sjå ut ved innføring av 5-dagars skuleveke, inkludert **skyssopplegg**. Leiar foreslår deretter at ein legg opp til;

a) felles foreldremøte der kommunalsjef for oppvekst informerer og svarar på spørsmål, og at ein deretter ber foreldra svare ja/nei til 5-dagars skuleveke på eit spørjeskjema.

eller

b) at ein sender ut informasjonsbrev inkludert spørjeskjema til alle foreldra der ein ber om ja/nei til 5-dagars skuleveke.

Vedtak: Fau ønskjer å gå for alternativ a)

Sak 20/17-18: Fruktordning neste skuleår

Tilbakemeldingane på noverande fruktordning er gode og rektor er svært nøgd med korleis leveringa fungerer. Nokre elevar kunne ønskja seg meir variasjon, mens andre er nøgde slik det er.

Vedtak: Fau ønskjer å fortsetje med denne fruktordninga til neste skuleår, og leiar tek kontakt med Joker Vatlandsvåg for tilbod på levering. Leiar tek også kontakt med Bygdekvinnelaget med spørsmål om dei ønskjer å sponse noko av frukta slik dei har gjort i inneverande periode.

Fau ønskjer samstundes å takke Joker Vatlandsvåg for god service og eit veldig godt samarbeid!

Sak 21/17-18: Ymse

- **Avslutning for 7.klasse**

Det vert avslutningsmarkering på skulen den 22.6. og foreldra vert inviterte. I tillegg har 7.klasse samla inn pengar på vaffelsal på butikken, som dei skal bruke på ein tur til Stavanger den 14.juni. Der skal dei besøke Rush Trampolinepark. Rektor skal vera med, og båtbillettane vert sponsa av skulen.

7.klasse-foreldra vil takke Joker Vatlandsvåg for sponsing av vaffelrøre og god tilrettelegging for vaffelsal på butikken.

- **Skulemelk**

Det vert same tilbod som i år + laktosefritt alternativ

- **Radon**

Nokre foreldre er bekymra for om det er høge radonverdiar på skulen, og referer til ei måling som er gjort tidligare. Leiar sjekker opp i dette med kommunen og gjev tilbakemelding til fau.

- **Ski/akedag**

1.-3-klasse var ikkje med resten av skulen i vinter då det var ski/akedag. Dette syns både elevane og foreldra var dumt, spesielt då turen vart lagt til nærmiljøet denne gongen. Fau ønskjer at alle klassane skal få bli med på felles ski/akedag, og kan organisera at nokre foreldre er med på turen om det er behov for det. Fau oppmodar rektor om å vidareformidla dette.

- **Oppvekstsenter**

Det kom spørsmål om kva som skjer i saka om oppvekstsenter på Ropeidhalvøya og leiar informerte om prosessen vidare. Saka kjem til kommunestyre den 19.juni.